



Arkivnr: 2019/1396-10

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån 350 mill. kr

Samandrag

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 25. oktober 2019. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 11 mnd. sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta fram til 25. september 2020 er 1,96 %.

Vedtak

Lån på 350 mill. kr vert refinansiert med eit 11-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta fram til 25. september 2020 er 1,96 %.

Ingrid Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
Kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.10.2019

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 25. oktober 2019. Renta på lånet har vore 1,36 % siste året.

Normalt er renta lågare på kortsiktige lån enn på lån med lengre løpetid og eventuelt fast rente. Akkurat no ligg renta på om lag same nivå uavhengig av løpetid og fast eller flytande rente. Fylkeskommunen har difor auka fastrenteandelen noko i det siste. Ein er no komen opp i 57,3 %.

Utgangspunktet er at fastrenteandelen skal liggje rundt 50 %, men finansreglementet gjev høve til å auke fastrenteandelen opp til 60 % dersom ein finn vilkåra for rentebinding gunstige. Om ein refinansierer sertifikatlånet som no har forfall med eit fastrentelån, vil fastrenteandelen overstige 60 %. Fylkesrådmannen går difor inn for å refinansiere med eit sertifikatlån.

Ein ser ofte at renta ein oppnår på sertifikatlån har ein tendens til å stige rundt årsskiftet. BCM rår til at ein no ber om tilbod på eit lån i 11 månader, slik at neste forfall kjem i slutten av september i staden for oktober.

Bergen Capital Management har gjennomført anbodsrunde, og har fått inn desse tilboda:

DNB Markets	1,960 %
SEB Merchant Banking	1,965 %
Danske Bank Markets	1,980 %
Handelsbanken	2,020 %
Swedbank	2,070 %
Kommunalbanken	2,129 %

DNB Markets har det lågaste tilbodet med 1,96 %. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.